

# **Omgitt av bølger – ein poetisk refleksjon**

Gyrid Nordal Kaldestad





# **Omgitt av bølger – ein poetisk refleksjon**

Gyrid Nordal Kaldestad



# MUSIKK

~~Ein dag i August.~~

Eg sil høg og lyttar til  
ei plata av Miles Davis.

Tongane flyt rundt i rommet,

Eg ~~tar~~<sup>ong</sup> dei inn <sup>sveus</sup> i meg, dei

før meg til og fylka langt vakk,  
ein plass der ingen kan  
må meg.

18

Musik

Eine gute Hand

ist wichtig so wie ein  
guter Platz im Raum

Ein Brummi und ein Dampf

Harmonie kann auch lange

job, wenn man jobt

aber kann nicht so gut werden

und wenn es nicht geht

es ist an

*Sound memory. Echoic memory. An echo of the past.*

Tilstand

Stillstand

Avstand

resonansen frå deg

eit avtrykk i meg

det pulserande oss



|

## Vinden i grantrea

Det startar med bølgene.  
Bølgene og vinden i grantrea utafor huset vårt.  
Det er mørkt.

Den gamle mannen sit oppe blant greinene.  
Han ser på meg og seier at han skal komme og hente meg no.

Vinden susar.  
Eit hav av greiner svaiar i vinden.

Fötene mine sit fast i myrskogbotnen.

Brørne mine kjem og løftar meg opp, drar meg med seg og me legg  
på sprang.

Me spring over myr og lyng, gjennom klunger og samanvokste greiner.  
Spring til alt me høyrer er fjerne rop og vinden i grantrea over oss.

Til alt me høyrer er ropet frå barndommens mørke stiar.

Til alt me høyrer er regnet som piskar mot ruta.

Til alt me høyrer er knakinga i huset.

Til alt me høyrer er

Til alt me

Til alt

til

t

shhhhhhhhhhhhhhhh

shhhhhhhhhhhh

shhhhhhhhhhhh

Me dansar over stovegolvet,  
pappa og eg.

Dagane er uendelege.

Eg og han og platespelaren, og Elvis syng med den fløyelsmjuke  
stemma si om eit barn som vert fødd i ghettoen.

***And his mama cries***

Tonane går rett i kroppen min,  
så langt frå den kalde og grå Chicagomorgonen det er mogleg  
å kome.

***Well the world turns***

Eg sit med mamma sin gamle nylonstrengsgitar, skrur på stemmeskruene til den blir heilt ustumt. Eg kan ikkje spele på den, men lèt som. Eg kan heller ikkje notar eller akkordar, og sit med ei visebok framfor meg og syng

***Marian det bleike barnet, ynkeleg kledd og stygg. Marian har høyrt dei sagt det, og lutar sin magre rygg.***

Eg diktar mi eigen melodi over teksten.

Lyden av strengen som bevegar seg når eg vrir på stemmeskruene, opp opp opp, ned ned ned. Stryk fingrane over dei tynne silkeaktige strengene, og dei grovare - det er som eit pust, ein kviskrande lyd. Eg synst det er uendeleg vakkert når eg dreg fingrane over alle strengene på ein gong. Heile gitarkroppen syng og vibrerer. Lyden medan eg legg øyra inntil resonanskassen, lukta av nylonstrengene og vibrasjonane frå treverket flyttar seg inn i kroppen.

Eg sit på kjøkenet i Granheim og har konsertar for eit fiktivt publikum.

Lyden av bilen som kører gjennom svingen, bassen forplantar seg  
gjennom asfalten, jorda, grunnmuren, veggene, vindaugo.  
Lyden vibrerer heile huset. Rommet. Lyden kjem

nærare og forsvinn

nærare og forsvinn

nærare og forsvinn

Lyset sveipar gjennom rommet. Frå høgre mot venstre. Lyden sveipar  
gjennom kroppen og ut i fingertuppane,

sveipar håret frå side til side,  
sveipar tankane frå dagen inn i natta

rommet lyser opp eit kort øyeblikk  
gjøkuret  
hylla med tekoppane av tynt porselen  
vegg-til-veggeppet som etterliknar marokkanske fliser  
dei brune gardinene  
lysstriper som stryk seg langs veggene og taket før dei

forsvinn

forsvinn

forsvinn

Og så.  
Etter brannen.

Minna om lyset og lyden gjennom rommet.

nærare

nærare

lyset  
lagar refleksjonar frå ei tid  
eg berre kan fornemme

sommarkveldar

bål og trasking langs aude  
landevegar

vente  
vente og sjå

bussen kronglar seg langs fjorden

lys i vindauge der hundrevis av liv blir levd

som om liv ikkje har vore levd  
som om liv blir nekta å eksistere

lyset minner oss om  
at liv skal kome og nytt håp skal vekse

vente og sjå  
vente

og sjå

vente og slutte og  
tenke og vente og

sjå

sit på berget  
høyrer lyden av sjøen

klukkinga av vatnet innimellom steinane

oppover berget  
ut i fjorden

innover berget  
ned i fjorden

sildringa når vatnet renn ut

Ein dag kom far min heim med ein kassett han hadde kjøpt i USA,  
det var noko avslappningsgreier, ei blanding av lyden av bølgjer og Erik  
Satie sine statiske lydlandskap.

Eg elска den kassetten.

Ein sommar tar han meg med på besøk til ein venn i Oslo saman med  
eit par andre kollegaer. Det er varmt, slik sommaren er på austlandet.  
Utpå kvelden set ein av venene seg ved pianoet og spelar Satie.  
Lange gardiner blafrar i kveldsbrisen, latter, kjensla av å tre inn i eit  
slags vaksenliv og lytte til denne musikken som kjennest tidlaus.

Når eg blir voksen skal eg sitte med venner og drikke vin i varme  
sommarkveldar og spele piano og det skal aldri bli morgen.

Lengte etter byen,  
etter nokon eg ein gong skal møte.

Finn dei i musikken i bileta og filmane.

Kor lenge var eg i ei parallel verd der alle desse menneska eksisterte?

Sakte glei eg over i den verda der dei var.  
Stadig møtest me.

Tvillingsjeler frå ulike byar, land og kontinent.

Berøringspunkt på tvers av tid og stad.

II

## **Ekko i tid og rom**

2019 og 2020

**Oslo, november 2019**

Eg prøver å finne ein inngang som gjer at eg kan arbeide mot det eg ser for meg – det som er mellom. Korleis finn ein det som ikkje er det eine eller det andre.

Det eg må leite i.

Eg veit kor eg vil. Eg ser og høyrer for meg kva det skal bli.

Prøver å tenkje på det å hugse. Kva er det eg hugsar og kvifor. Kvifor dukkar det alltid opp ein lyd eller fragment av lys og skugge. Kva lydar er det eg legg merke til i kvardagen og kvifor. Kanskje eg må starte med å skrive lyddagbok.

Tunar inn mot at familien skal flytte til Trondheim i desember på grunn av stipendiatstillinga mi.

## **Trondheim, februar 2020**

Eg har tru på å skrive stort – fysisk sett stort – det er ei god kjensle. Tekstar og skisser til partitur blir hangande rundt meg på kontoret. Minner meg om kva eg gjer og kor eg er no.

Lydminne og minna i lyden, det er noko her. Må skrive om dette. Sensitivitet i møte med lyd. Det at noko er og ikkje er. At det er fysisk og uhandgripeleg på same tid. Som lys.

Lyden av teksten som blir skriven. Den må med. Eg må få tak i pappa sin skrivemaskin frå 90 -talet. Må ta opp lyden av denne. Lyden av denne og lyden av skriving på papir.

## **Oslo, februar 2020**

Prosjektet mitt er vanskeleg å snakke om, det er eit teikn på at det må bli tydelegare for meg. Bra å være på seminar om refleksjon i Oslo i regi av den nasjonale forskarskulen. Konfronterande på mange plan. Eivind Buene snakkar om å skrive og eg kjenner at det er det eg må gjere. Eg må ha ein litterær sparringspartner. Må ta kontakt med Marte Huke.

Les hennar bok *Du er et levende sted* og vert inspirert. Rytmen i språket og dei bråe skifta. Blikket som vender både innover og utover i same setning.

Har lytta ein del til Hildur Guðnadóttir etter å ha sett serien *Tsjernobyl* og filmen *Jokeren* som ho har laga musikken til. Lyttar ustanskeleg til Klaus Lang sin *Der Weg des Prinzen I (Die sieben Boten)*. Vil utfordre meg sjølv til å arbeide mot å halde på ein tekstur i lyden – lenge.

Les Verk Produksjoner sin bokserie om sitt arbeid som eg kjøpte etter å ha sett *The Big Dream* for første gong hausten 2019. Arbeidet med Siri Jøntvedt sin solo kjem til å bli viktig. Gode samtalar, set i gong fleire lag av refleksjon. Snakkar om metode og prosess og det tilfeldige som kanskje ikkje er så tilfeldig likevel.

## **Trondheim, mars 2020. Pandemi**

Me prøver å ha heimekontor – det held hardt. Dersom dette fortset etter påske, må eg be om å få vere på kontoret mitt. Har tatt ut ekstra omsorgspermisjon på 10 dagar –umogleg å få gjort det eg skal med to barn heime i ein leilegheit der ikkje alle har kvar sitt rom å arbeide i – samt elendig internett...

Snakka lenge med Siri – det var fint – snakka om at me må tenke annleis framover, me som arbeider i kunstfeltet. Dette verkar inn på korleis mitt stipendiatprosjekt utviklar seg – kva tenkjer eg om å reise, om å legge opp til større samarbeid.

Eg tenkjer på korleis eg skal kunne komponere med ulike element. Lage løysingar som kan fungere med tanke på plassering av lydobjekt/utøvarar/lys og eventuelt video. Diskutere med Siri korleis å tenke rom og plassering.

Mål: tilstand, inspirert av David Lynch, av/på, det konkrete (nære) og det abstrakte (ambiente/ flytande/det som er meir som eit hint av noko). Arbeide med lydminne og det dei genererer som utgangspunkt for dei ulike verka.

Tilstanden no – ta det inn i arbeidet, men korleis skal eg gjere det?

Tenkjer at kvardagen no består av tilstand, stillstand og avstand.

## **Trondheim, mai 2020**

Startar dagen med å høre på eit lydopptak Siri har sendt meg av mora Kari 87 år som spelar Ravel på piano, *Pavane pour une infante défunte*. Det rører meg på mange plan og eg må redigere lydfila med det same. Tar vekk eq i toppen og legg på ein lang etterklang for å lage avstand, for å få det til å høyrast ut som noko som kjem frå ei anna tid. Skriv til Siri at me må bruke dette – på eitt eller anna vis. I rommet, i objekt, saman med dikt, saman med rytme, åleine. Me må teste dette ut når me skal arbeide saman i august.

Eg les om kunstnariske prosessar, Anders Mossling frå Verk Produksjoner denne gongen i boka frå bokserien deira kalla Arbeidsbok, han skriv godt. Kort og konsist og veldig fint om alt det som skapar ein prosess. Sender eit utdrag av det eg les til Siri – tenkjer at det er slik me også arbeider – alt startar med kaffi og samtalar.

Alt glir mellom sakens kjerne og alt rundt – av og til langt ut på sida. Det er her essensen ligg – i samtalane mellom menneske, det som skjer mellom. Ikke berre ideen eller resultatet, men det som skjer på vegen mellom desse. Ein samtale, ein avisartikkel, ei bok du har lese eller ein film du har sett. Og verda. Her og no.

Tekstar med Knut Olaf Sunde på SMS, blir som alltid ei lang utveksling. Som ved kaffimaskinen på Notam. Me kan snakke og snakke om politikk og kunst. Alt heng saman. Alt er ein del av det same. Godt å merke at desse folka som eg har hatt rundt meg framleis er der, sjølv om eg no bur i ein annan by. Må ta vare på det – at eg kan samtale med dei enno. Så får me møtast av og til og arbeide saman, drikke kaffi eller øl og snakke snakke snakke. Om livet i kunsten. Om prosessane. Om det me er midt opp i og at det tidvis er umogleg å sjå enden på det heile.

Av og til evnar ein å vise denne prosessen for publikum.

Les eit sitat i teksten til Jon Refsdal Moe om Verk Produksjoner sitt arbeid i boka dei har kalla *Innside/Utside* – eit sitat av den belgiske skodespelaren Günther Lesage

*Å lage teater handler ikke om å fylle scenen med mening, men heller om å skape rom for tilskuerene sin egen tenking*

Er det dette eg leitar etter i mitt arbeid også?

## Trondheim, juni 2020

Eg malar og kokar kaffi medan eg høyrer på P2, fuglesong når eg opnar vindaugen ut mot hagen. Eg lagar frukost til tiåringen, høyrer på hans musikk ein halvtimes tid. Så P2 att når han er ute av døra.

Eg syklar. Først saman med seksåringen på veg til barnehagen, gjennom ein allé med høge tre. Fuglane kvitrap og me pratar på vegen. Så syklar eg til kontoret. Lyttar til musikk og les om episodisk hukommelse. Går for å hente kaffi. Møter Øyvind og me pratar om tempo i musikk og lange utfadar. Om det å utfordre sitt eige indre tempo. Om det å slutte før den lange utfaden.

Eg les eit reportasje om David Lynch fra The Guardian frå 2014. Her står det at ein av dei som har inspirert Lynch og som eg aldri har hørt om, er kunstnaren Edward Kienholz. Må sjekke ut han, finn ein dokumentar som eg vil sjå.

Eg har kjøpt ein lang papirrull som eg kan skrive idear og tankekart på, ein eg kan henge på veggen i lange remser. Eg tenkjer at kontoret mitt etterkvart skal være dekka av desse. Kanskje eg også kan bruke dei i verka mine. Henge dei opp. Med eller utan skrift. Prøve å sjå om eg kan projisere på dei. Testar det å skrive på dei kvite pappeskene eg lagar instrument av med tusj. Prøver å sjå for meg korleis rommet kan bli. Korleis kan eg bygge det opp – enkelt. Eske i eske i eske. Slik at det å setje opp verket blir som å opne ei russisk Babushkadokke.

Eg skriv stikkord og teiknar på arket – heng det opp på veggen.

Les ei bok om minne. *Å dykke etter sjøhestar* av Hilde Østbye og Ylva Østbye.

Planlegging er ein viktig del av mitt arbeid. Tidslinjer og avtalar med dei eg skal arbeide med. Eg likar å legge planar i god tid. Likar å vite at prosjektet kan realiserast med dei eg ønskjer å ha med. Deler tankar og idear med Evelina og ser at me har mange samanfallande idear. Som sist me arbeidde saman, i 2017. Eller var det 2016? Tida går fort...

I periodar kjenner eg meg som eit dyr som ladar opp til å dra på jakt. Sparar på energien til det verkeleg gjeld. Eg jagar ikkje fram mot neste prosjekt. Eg har tid til å dvele ved materialet, og sakte men sikkert klargjere for meg sjølv kva dette handlar om.

## **Trondheim, juni 2020**

Eg skisserer prosjekt for hausten 2020 og våren 2021. Må ha trua på at det er mogleg å gjennomføre på tross av pandemi og usikre tider.

Arbeider parallelt med installasjon saman med Evelina som skal visast på TEKS.studio (*Den varme pusten på ruta*), verk for Are og gitarar med transduserar (*Tuning In*) og verk for Are, Anne, Evelina og meg (*Frosne Øyeblikk*).

Skal arbeide med *Den varme pusten på ruta* denne veka. Utvekslar idear med Evelina, me snakkar om prisma, sånne som gamle tanter hadde hengande på lysestakar, og skuggar – mange samanfallande idear. Prismene frå barndommens stearinlyspunkt viser seg å ha vore magisk for fleire enn meg.

Kanskje verket med Are berre blir ein lang drone som flyttar seg mellom gitarane – eg vil at han skal bruke Koka Nikoladze sin magnetiske bøge på ein gitar. Innføre ulike element. Kanskje heile verket kunne bli spelt i loop– ingen start og ingen slutt, berre tilstand– klare å skape dette også i lyset, svakt pulserande lys som eg styrer – lyspunkt i ulik høgd. Henge gitarane i ulik høgd saman med lyspunktta?

Skal bestille transduserar frå Thomann i løpet av veka. Arbeider med å lage feedbackinstrument slik at instrumenta eg lagar av pappesker kan ha fleire funksjonar.

Kjenner det er bra å veksle mellom å lese fakta, lytte, teikne skisser og skrive meir poetiske tekstar.

Eg har vore i ein skrive-og-tenkeprosess no. Ladar opp til mange produksjonar til hausten. Må gjere alle avtalar og bestille alt materiale før 1.juli. Særskilt lysrøyra som eg må bestille til Evelina i Sverige og få frakta over grensa med bil. Dei sender ikkje til Noreg. Eg har prøvd å finne tilsvarande lysrøyrlampar her utan hell.

## **Trondheim, august 2020**

Kan eg arbeide med lys og skugge som kompositoriske element?

Eg såg ei stor utstilling av Joan Jonas saman med kollega Mira Benjamin på Tate Modern i London i 2018. Mange lag av meinings, uttrykk og teknikkar. Alt heng saman.

Ho transformerer romma med lyd, lys og video. Ho arbeider med rom i ulik skala og i ulike format, frå titteskap til rom i rom. For ei dame! Kvifor visste eg ikkje om henne før no? Det er som med Eliane Radigue. Desse damene som eg ikkje visste om før dei no er veldig gamle damer.

Eg lagar ei liste med kvinner som inspirerer:

Janet Cardiff  
Yoko Ono  
Joan Jonas  
Paula Rego  
Eliane Radigue  
Pauline Oliveros  
Jana Winderen  
Maja Ratkje  
Siri Jøntvedt  
Snelle Hall  
Saila Hyttinen  
Evelina Dembacke  
Olga Nordal  
Joni Mitchell  
Anne Hytta  
Marte Huke  
Siri Økland  
Pia Tafdrup  
Stine Sørlie  
Ruth Stone

## **Filter**

dra ut essensen i det ein vil ha med

filtrere vekk det som ikkje er nødvendig eller er uønskt

III

**Heile tida lyden av vatn**

resonans

noko

ligg mellom

oss

to tonar

landskapet

minnet

om det som var

***and you and I climb over the sea to the valley***

regnet sildrar nedover takvindauga på bror min sin hybel i Bergen

lukta av nye gitarstrenger og kaffi Jon Anderson si håse og ganske  
lyse stemme

***and you and I climb, crossing the shapes of the morning***

øyro som lyttar innover og øyro som lyttar utover  
prøver å finne dei som lyttar innover

først må eg lære å lytte til meg sjølv

lytte til det som er innafor eller forbi lyden

minnet kjem med ei heil ungdomstid

***and you and I reach over the sun for the river***

det som traff, det traff så voldsomt

***and you and I called over the valleys for endless seas***

Eg hugsar rommet til T i kjellaren.

Me hørte alltid på musikk.  
Og kyssa.  
I timesvis.

Lukta av kaffi og lyden av King Crimson på høgtalarane.

Framtida var open og klar for oss.

***Confusion will be my epitaph  
As I crawl a cracked and broken path  
If we make it we can all sit back and laugh  
But, I fear tomorrow I 'll be crying  
Yes, I fear tomorrow I 'll be crying  
Yes, I fear tomorrow I 'll be crying***

Musikken i fortida, me i notida og det me ikkje visste om i framtida.

bølgene vaskar stranda rein

sekund for sekund  
dag etter dag  
år etter år

viskar ut spora etter meg  
viskar ut namnet eg skriv

det er verkeleg når eg har skrive det

namnet ditt på ein lapp  
ser lenge på lappen  
riv den i bittesmå bitar og sprer bitane i sjøen

då er det sant

at eg har skrive namnet ditt

at det er og  
ikkje er

Ein sein kveld.  
Huddersfield Lodge Hotel.  
Jukeboxen.

Regnet piskar mot ruta.  
Uglene ropar i nattemørket.  
Ølet kjem i breiddfulle glas og du overraskar meg med din råskap.

Eg blir kjent med deg gjennom songar frå fortida,  
gjennom musikken i samtidia.

Som om eg har vore her før.

Du forstår korleis det er å ha alt dette kaotiske og boblante i seg.  
Dette som må ut og omsetjast i lyd og ulyd.

Det ingen andre ser.

Bogen stryk fram nesten uhøyrelege tonar og stemma kviskrar ord  
på språk me ikkje forstår.

Dagane flyt over i ein straum av mørke dronar som fadar sakte  
opp og ned.

Dei flyttar seg frå venstre mot høgre

forsvinn gjennom smale smug og opp langs stammene

høge tre som svaiar i vinden.

Heile tida lyd av vatn.

Regn.

Sjø.

Yr.

Bølger.

Dropar på ruta. Dropar i håret. Lyden av dropar på regnhetta. Lyden av dropar på skråtaket over senga mi.

Små bekkar som renn nedover vegen.

Plaskar i dammane, tar av hetta og løftar ansiktet mot regnet.

Lukta av våt lyng. Lukta av fjøre.  
Bølgene som slår oppover svaberget.

Kvar bølge er ny.  
Kwart andedrag er nytt.  
Kvar pust er ein ny start.

den varme pusten på ruta  
skriv namnet ditt

ser det forsvinne

lyden av is som knekk  
lyden av fottrinn i frose gras

nordlyset som stille sveipar forbi

held fast i dette øyeblikket.  
prøver å hente fram minna om det som var

elva som renn svart og voldsom under oss  
bruia

dei varme hendene

# **IV**

## **Tilstand og stillstand**

2020 og 2021

## **Trondheim, august 2020**

Arbeidet mitt denne våren er prega av at heile familien har flytta frå Oslo. Me har flytta tilbake til noko som ikkje er som det var.

Eg ryddar i gamle notar, notatbøker og avisutklipp. Finn DAT-kassettar, Zipdiscar og minidiscar. Eit slags historisk arkiv over opptaksmetodar. Finn gamle cdar med komposisjonar frå tidleg 2000-tal eg tenkjer at eg må høyre gjennom. Det var i Oslo alt starta – denne nye vegen eg gjekk – fokuset på lyden og alle dei nye samarbeida. Møtet med Siri og Snelle som skulle bli eit kunstnarisk vendepunkt.

Tida i Oslo står for meg som den tyngste og beste tida i livet så langt. Brukte tre år på å komme inn i eit miljø der, og det miljøet opna og endra seg stadig. Det er mange kollegaer og likesinna i Oslo, noko som kan vere både utfordrande og trygt på same tid. Eg og Are snakkar ofte om dette – om den fridomen me har kjent på i Oslo.

Eg flyttar tilbake til Trondheim etter 17 år i Oslo med ei kjensle av å starte på nytt i noko som er kjent.

## Trondheim, september 2020

Eg arbeider parallelt med Siri Jøntvedt sin solo *Fifty ways to leave a shape* og gitarstykke for Are og hans gitarar. Opptak av Siri si utslitte hofte blir transformert inn i eit massivt støyliknande lydlandskap. Minnet om kroppen som var gjennom lyden.

Minnet om lyden av gitaren. Lyden av gitar spelt tilbake til gitarkroppen. Tar utgangspunkt i starten av *And you and I* av Yes. Startar å tenke verket meir som ein installasjon enn å tenke det som eit frå A til Å verk? Fragment av ulike deler der han og eg av og til er aktivt med i lydbildet – og endrar det – av og til passivt. Lyden av gitar i sentrum. Han spelar, eg tar opp og bearbeider live saman med avspeling av opptak eg har gjort av dei ulike gitarane. Tett på.

Fann ut at vindauge på kontoret mitt er perfekt for å teste lyden av transduserar på glas. Prøver å feste transduserar på gitarar med tack-it, kan ikkje bruke dobbeltsidig tape på dei fine instrumenta! Tack-it fungerer overraskande bra, men må undersøke ulike typar for finne noko som er seigt nok slik at dei ikkje dettar av når dei startar å vibrere.

Eg har møte med Guro Hustad Stugu som er kuraterande dramaturg på Rosendal teater, eg har lyst å gjere eitt av mine PHD-prosjekt der. Kanskje verket med Are, Anne og Evelina kan bli vist der?

Det blir ei kort arbeidsveke på grunn av karantene på trinnet til dotter mi. Det søkk inn at denne pandemien kjem til å vare ei lang stund. Eg må revurdere opplegget, arbeide med lokale musikarar, for usikkert å satse på Canada – men vil ikkje heilt gi slepp. Må ha eit møte med Ben Duinker i Architek Percussion og høre kva me kan få til.

Hører på Frode Grytten og Morten Qvenild si plate *Landet bortanfor landet- Område 51* og startar å leike med ulike synthar i Ableton. Snakkar med K, det er alltid bra for å opne opp mot nye måtar å tenke på.

## **Trondheim, desember 2020**

Tuning In vart ikkje framført for publikum. Fekk laga ein dokumentasjonsvideo, håpar den blir bra.

Korona fortset, ting blir avlyst og utsett, men eg må jobbe som om det blir noko av alle prosjekt.

Erfaringa til no er at lyden må komme først – alltid – ikkje prøve å gjere noko eg ikkje kan. I alle fall ikkje utan å rådføre meg skikkeleg. Rådføre meg med Evelina når eg skal arbeide med lys, ikkje tru at eg kan gjere alt sjølv.

Har bestemt meg for å lage alle prosjekt som ein del av ei siste visning av stipendiatprosjektet mitt, ser for meg fleire potensielle rom i eit større lokale – held på ideen med Dora II, dama frå kommunen tok kontakt igjen – håpar det blir noko av.

Er i ein periode med sinne og frustrasjon og kjenner meg åleine i det eg arbeider med.

Har ikkje visst at Oslo har vore eit ekkokammer.

Kjennest utrygt å gå ut av det.

Møtte kollega Stine Sørlie på konsert med hennar stykke *Atlantis Lamento* som er bestilt og blir framført av Marianne Baudouin Lie. Måten Stine integrerer tekst i verket er elegant. Den lesne teksten blir ein del av det musikalske som ikkje forklarer, men utvidar og forsterkar.

Dersom det blir lydvandring for Ultima, må denne ha noko med Lament å gjere – det å reise og det å bli. Eg tenkjer på å arbeide med det å komponere med utgangspunkt i eit utspring. Dette er ei ny utfordring. Må gå løypa eg skal lage meg fleire gonger for å kjenne på det.

## **Trondheim, januar 2021**

Ser Gunhild Mathea Olaussen sin digitale disputas og kjenner ei bølge av inspirasjon. Midt i dette nedstengde me lever i finn eg ei opning mot det sanselege og taktile.

Det er viktig å gi plass til tvilen. Den er der alltid.

Noko må stå på spel for at noko nytt skal utfalde seg.

Gå inn til kjernen – der det brenn.

Må tørre å gå inn i alle delar av det eg er, vere heilt ærleg i uttrykket.

Klarte å lande på ein idé til lydinstallasjonen i Hardanger – det blir feltopp tak, gitar, tekst og slåttetromme spelt av Carl Haakon Waadeland. Skal ta inn og skrive nye tekstar om fjorden og bølgene.

## **Trondheim, mars 2021**

Eg held fast på å legge planar og å komponere – ein flyt eg må halde så lenge det er mogleg. Kor tid som helst kan det blir lockdown.

Hardanger Musikkfest og dermed også lydinstallasjonen 340 meter i sekundet er flytta til november. Bestemmer meg likevel for at eg og Are held planen og ferdigstiller installasjonen i løpet av juni.

Har for alvor starta med å arbeide med forprosjektet i april – *Frosne øyeblikk* – fått snevra det inn, samt snakka med Anne og Evelina om korleis me skal løyse det. Må alltid har ein plan B i tilfelle nedstenging og reiserestriksjonar.

Trondheim slepp unna smitten for tida. Oslo blør. Det går uventa sterkt inn på meg. Eg er ikkje der lenger. Men ein del av meg heng fast der likevel. Vil eg nokon gong kjenne at eg er noko anna enn på besøk her?

Har møte med Alexander Graham Roberts på Rosendal Teater. Kanskje det avsluttande prosjektet mitt landar der no.

Kan eg komponere eit hus?

Evelina ber meg om å lage lyd til ein film ho laga til installasjonen vår på Bomuldsfabrikken i Arendal i 2017. Eg får ein klar ide om å bruke bare stemme. Går tilbake i tid. Inspirert av der eg starta. Og av Klaus Lang.

Høyrer tallause framlegg frå kollegaer som del av Artistic Research Forum sitt vårforum. Digitalt. Blir inspirert. Motivert. Klarsynt.

Eg kjenner at eg treng å puste inn lenge, heile våren, og så puste ut.

## **Trondheim, mars 2021**

Pappa holdt på å dø – verda vart nummen.

Skodda har sige inn frå havet. Fjorden og himmelen går i eitt.  
Ei gradvis endring i tekstur.

Nyansar av grått. Lufta er fuktig. Små dropar legg seg over ansiktet.  
Fötene i det kalde vatnet. Sakte utover.

Trekker pusten, pustar ut.

Trekker pusten, pustar ut.

Trekker pusten, pustar ut og senkar kroppen ned i det kalde.

Kjenner ikkje lenger føtene mine.

Etterpå. Kroppen er nummen. Varmen brer seg innanfrå. Set meg  
på berget og ser mot det eg veit er eit fjell. Skodda har viska det ut.  
Perspektivet forsvinn. Verda lukkar seg saman og blir mindre.

Heile det siste året har vore som ei tung, sivande skodde. Verda slik  
me kjende den er lagt i dvale.

Fragment av åra som har gått dukkar stadig opp. Tallause reiser. Møte  
med nye menneske. Samtalar. Konserter. Førestillingar. Framande  
lydar og lukter frå byar og stader med ein annan grunntone. Verda  
er blitt så lita. Av og til lettar skodda, horisonten opnar seg litt, men  
lukkar seg like etter.

Eg strekker ut usynlege hender og rører ved dei som er der ute. Dei  
som er på same frekvens. Dei som eg stadig søker tilbake til i tanken.

Det undrar meg at uroa ikkje er større. Som om denne også er stille  
avventande. Uviss på kva som skal kome.

Søkjer til fjorden. Til bølgene som stabilt duvar mot stranda. Søkjer  
til fjellet. Det å føle at ein er ein del av noko større, kjennest heilt  
nødvendig no.

## Gjevilvassdalen, april 2021

Fjella fadar ut og inn av landskapet. Det langstrakte Gjevilvatnet er frose, og kjensla av å være i audemarka sterkare. Me møter nesten ingen den veka me er her.

Den gongen eg var med hit første gong, då eg såg perspektivet av ulike fjell innover dalen mot Trollheimen, fekk eg ei indre ro. Okla, Gjevilvasskamman, Blåhø, Falkfangerhø. Storhornet, Litjhornet, Svhøa. Tjue år etter har eg vore på alle desse toppane. Gått oppover og oppover i timesvis, for så å skode ut over landskapet med fjell på fjell. Eg hører heime her. Trass i den evige dragninga mot byen, kjenner eg også ei dragning hit, mot det stille suset frå fjellet.

Er det fordi kontrasten skapar dynamikk?

Når eg går i desse fjella, badar i det iskalde vatnet. Her og no. Det løftar meg ut av kvardagen og inn ein stad der tida står stille. Rein eksistens.

Merkar at eg ofte skriv om det å vere i øyeblikket, å berre eksistere. Er det fordi eg stadig tar meg sjølv i å vere i fortid eller framtid eller utafor det som er meg nærmast. Les nyheter ustanskeleg. Sjekkar facebook, instagram. Fråværet av ein normal kvardag har gjort meg hyperaktiv på internett. Masar på ungane om at dei må lære seg å forsvinne inn i bøker – kor deilig det er. At tida står stille då. Men klarar eg det sjølv? Av og til, heldigvis, men noko er endra.

Landskapet endrar seg raskt her oppe. Skodda sig inn over fjella og ein ser berre ein meter framom seg, så blæs skodda vekk og landskapet opnar seg att. Er van med dette frå øya der eg vaks opp. Det kjennes uføreseieleg trygt.

Me går oppover og oppover på ski, og så snur sonen min seg og ser utover dalen og seier at han elskar å vere her. Å gå i desse fjella. Eg hugsar han sa det same etter den første toppturen saman med han.

Då var han seks, no er han elleve. Det har vore viktig å ta ungane med hit. Indre-Oslo-Øst-ungane som vaks opp med asfalt og nokre små parkar kring seg.

Høyrer ein dansk reportar seie på radioen at det ikkje er mogleg å lytte til stillheit. Ler for meg sjølv over at eg kvelden før tok opp nettopp dette – stillheita. Fjellsus på opptakaren med meg tilbake til byen.

## **Trondheim, mai 2021**

Eg har starta å ta inn element i arbeidet som har med rørsle å gjere – papir som blæs i vinden frå ei vifte. Tar dette inn som del av støylydbildet, ser at det har referansar til bølger, vind i trea, gardiner som heng framfor eit ope vindu.

Det å arbeide med minne er å finne tilbake til den sensitiviteten ein har for omgivelsane som barn. Mange skapande kunstnarar har ofte denne evige undringa. Stoppar opp og dveler ved at treet utafor huset kastar ein skugge på veggen inne. Lukkar augo og lyttar til suset frå fjellet.

Eller kanskje alle har det slik – at det er allmenngyldig å lytte til verda på den måten?

Eg legg merke til korleis ungane mine kan bli urolege av lydar dei ikkje kjenner. Kva var den lyden? Dunkinga, ulinga og bråket frå jagarflya som av og til krinsar over oss.

Eg kjenner at energien er på veg tilbake, om enn i ei anna form, saktare.

Hadde eit veldig fint møte med Magdaléna Manderlová som er lydkunstnar. Bra å møte folk utafor NTNU, eg treng det kjenner eg. Verda må ikkje bli lita sjølv om eg har flytta hit og er innafor desse fire veggene.

Synst det er vanskelig å vite kva eg skal snakke med Øyvind om når me har veiledning. Kanskje eg ikkje kan snakke om det før det er meir tydeleg for meg. Eg snakkar av og til som ein straum av ord utan tilsynelatande samanheng for andre enn meg sjølv.

## Inderøya, august 2021

Eg er invitert inn i eit samarbeid med koreograf Anna Nordanstedt, scenograf Mio Oribe Stubberg og dansar Siri Jøntvedt. Ei forestilling som skal spelast for menneske med kognitiv svikt på omsorgsbasar.

Me har utekontor i ein liten skog på ei høgde, Kverkilberget på Inderøya. For meg er dette ein heilt vanleg og litt kjedeleg skog, granskog og furuskog og ei og anna bjørk, skogsbotn som består av eit flettverk av røter og mose.

Når me går der saman, den som arbeider med lyd, den som arbeider med det visuelle og taktile og den som arbeider med rørsle knytt til både det lydlege og visuelle, framstår skogen annleis for meg.

Ein liten klase av piggete røyksopp. Eit tre som omfamnar ein stein. Lyden av fottrinn i tørt gras og greiner som liknar gamle hender. Det barnlege blikket som ser noko spanande, underleg og vakkert i detaljane. Det slår meg at det er slik det er å gå tur med ungane – men at det då er dei som rettar blikket mitt mot sin måte å sjå verda på. I dette samarbeidet ser eg skogen med eit felles prosjekt i bakhovudet.

Å finne lysglimt i det dunkle, å leite etter ord som kanskje er blitt borte, å leite i assosiasjonane til eit minne som er blitt tilsløra.

Lyden, lukta og synet av skogen endrar seg i meg gjennom dei andre si oppleveling. Dette er det mest verdifulle med samarbeid, å sjå frå andre vinklar for å utvide sitt eige perspektiv – for å sjå, lytte og sanse på nye måtar. Dei andre lærte meg også om sopp og bregner, og om furuskog som veks på kalkfjell. Eg kjente ei svak misunning for at dotter mi har uteskule, ho lærer på denne måten ein dag i veka. Kva som hadde skjedd om eg bestemte meg for å gjere det same ein periode?

**Trondheim, september- desember 2021**

produksjon

produksjon

produksjon

Frosne øyeblikk

Den varme pusten på ruta

340 meter i sekundet

V

## **Ewig rørsle**

2022 & 2023

## **Trondheim, januar 2022**

Vekene etter alle prosjekta hausten 2021 har gått fort og sakte på same tid. Tid for detox og reboot, tid for å puste sakte inn og ut, tid for å tenke på vegen vidare.

Har opna opp for noko og tatt noko vekk, rydda i tankane og i kalenderen.

Eg har tenkt å la det være blankt ei tid framover no.

Les om yoga, pust og austleg filosofi i boka *hva er Yoga* av den tidlegare yogalæraren min i Oslo. Hennar haldning er open og inkluderande, litt som dei eg velger å samarbeide med i kunstprosjekt. Ho lyttar.

Yoga kjem til å bli viktig framover – for å halde fokus og for å kanalisere energien dit den skal.

## **Trondheim, februar 2022**

Ser eit intervju med David Lynch. Det går opp for meg at mange av mine inspirasjonskjelder verkar å vere inspirert av Lynch, og i stor grad dei som har gjort sterkt inntrykk på meg – Cardiff/Miller. Verk Produksjoner.

Kven var Lynch inspirert av?

Edward Hopper

Francis Bacon

Edward Kienholz

Renè Magritte

Federico Fellini

## Nesodden, mai 2022

Christian Blom snakkar om det å komponere. Han snakkar om det sentripetale og det centrifugale.

Eg er mest i det første, kjenner eg.

Eg søker opp sentripetalkraft, wikipedia skriv:

*Sentripetalkraft er en resultantkraft som virker på en gjenstand i en sirkelbane. Kraften virker innover mot sentrum i sirkelen, og gjenstanden vil dermed få en akselerasjon i samme retning.*

Søkjer mot det centrifugale for å skape spenning eller kontrast.

Må kjenne at det som kjem, faktisk kjem frå meg. Litt manetaktig.  
Ein masse i sakte endring. Lag på lag, men sakte.

Eg har ein hang til å lage musikk som held på ei stemning. Ein lengsel mot noko som kan stå som eit frose øyeblikk. Eit utsnitt av ei hending ein ikkje vil skal ta slutt.

## **Trondheim, mai 2022**

Når alt begynnar å samle seg, og ein ser at det heile har vore der i mange år. Alt dette som ein har laga, tenkt, gjort, skrive – det er eit mønster. Å dvele ved eit øyeblikk av noko, ikkje lengte tilbake til det som var.

Eit inntrykk som sette avtrykk og vart til eit uttrykk.

## **Delay**

det som kjem som følge av noko anna, eller i forlenginga

## **Trondheim, september 2022**

I sommar las eg ein biografi om den portugisiske kunstnaren Paula Rego av John McEwen. Det slår meg at ho alltid var sikker på det ho gjorde. Eg las også *Grapefrukt* av Yoko Ono i Simen Hagerup si omsetjing. Korte tekstar og små teikningar som er partitur.

Les *Sculpting in Time* av Andrej Tarkovskij– kjennest ekstra viktig å lese denne no, sidan det er pappa si gamle bok. Det er fint å sjå kva deler av teksten han har valt å streke under og tenke på som viktige.

*For the moment it is far more important to note the divergence, the difference in principle, between the two forms of knowing: scientific and aesthetic. By means of art man takes over reality through a subjective experience.*

Hadde første møte med Marte Huke i dag, ho blir min andre biveiledar: det blir bra! Eg trur det er henne eg treng no, for å komme vidare inn i minna, både fysisk og skriftleg. Ta med alt, heilt tilbake til ungdommen.

Teksten har alltid vore der på eitt eller anna vis. Marte sa noko om at tekstar som står saman med musikk må vere opne på ein annan måte enn tekstar som skal stå åleine. Dette er viktig å ta med seg. Ting fell på plass, sakte men sikkert. Ho finn fram eit sitat til meg av Lawrence Durrell:

*Vi er barn født av våre landskap*

Kaoset har ei slags retning. Dette kjennest som eit viktig vendepunkt i prosessen. Kanskje det viktigaste.

Møtte Øyvind fredag, og vart litt forvirra av det. Han meiner at prosjektet mitt er vagt og mystisk. Det slår meg at eg bør dele meir av det eg har skrive av meir poetiske tekstar med han. Har nok vore redd for å dele. Kanskje fordi eg enno ikkje stolar heilt på teksten.

Har fått vore i skogen og tatt opp masse lyd. Den kan brukast i ulike prosjekt. Må ut og ta opp meir, kjenner eg! Skal ta opp knekking av tørre kvistar og knasing i haustlauv før regnet kjem no.

## **Trondheim, november 2022**

Har fått snakka mykje med utgangspunkt i eigne refleksjonar i ulike fora i det siste – på Norsk Komponistforening sitt fagseminar og TronTalks, i panel med Lena Lindgren og Glenn Erik Haugland. Får tilbakemelding på at eg snakkar bra om det å lytte, å vere i musikken, reflektere kring minna som musikken gjenskapar. Kanskje alt eg held på med eigentleg er ein avart av *Deep Listening*. Det er jo ikkje så underleg, då workshopen eg deltok i med Pauline Oliveros og partnaren hennar IONE i 2014 sette djupe spor. Det eg hugsar best er dette:

Aksepter at verda ikkje er stille, ta inn det som skjer rundt deg og jobb med det.

Har tenkt mykje på tillit i samskapande prosessar eg blir invitert inn i, og i prosessar der eg inviterer inn andre.

Har blitt spurt om å lage lyddesign til ei førestilling på Trøndelag Teater i januar saman med Saila Hyttinen, *Moral i følge Medea* av Athena Farrokhzad. Uruleg fin oppgåve å få, eg må ta meg tid til å ta den inn. Skal la opptak av ei steinstrand danne grunnlaget for store deler av lyden.

Lyttar til *Drei Goldene Tiger* av Klaus Lang – tilstand, stillstand, avstand.

Deler ein av tekstane mine med Siri og får svar på epost:

*Det virker som det nærmer seg kjernen her på en slags måte uten at jeg kan forklare hva jeg mener med det...*

Litt sånn kjennest det for meg også no. Eg er framleis litt langt ute i tankane, men dei sirklar seg stadig innover mot det som betyr noko. Det heile heng saman.

Mykje arbeid med diverse lydvandringar for tida. Elgeseter gate i Trondheim og Akershus Festning i Oslo. Både spanande og skremmande å starte med den i Oslo, den har blitt koronautsett

fleire gonger og eg har hatt tid til å la tankane kring arbeidet utvikle og endre seg. Eg må la det handle om det sanselege. Det å komme til, iakkta og reflektere kring byen ein har budd i, landskapet ein for lenge sidan flytta frå, tankar om kva det å ikkje kunne reise til ein stad gjer med ein. Eg skal kalle det ei poetisk lydvandring, ikkje historisk. Vegen publikum skal gå frå festningen og ned mot kaien skal akkompagnerast av ein melodi. Ei skillingsvise. Lydane under tekstane skal vere mine lydminne frå stader eg har forlatt.

Saila fortalte meg at Verk Produksjoner har brukt spørsmål inspirert av boka *Questionnaire* av Max Frisch i enkelte av sine førestillingar. Til lydvandringa bestemmer eg meg for å lage mine eigne spørsmål inspirert av Verk, Frisch, Pauline Oliveros og Yoko Ono. Desse skal eg sende desse til eit utval personar og bruke opptak av deira svar og stemmer som del av lydbildet. Eg skal også svare på spørsmåla, dei skal vere utgangspunktet for dei poetiske tekstane om det å reise og det å bli.

#### Spørjeskjema 1

- 1.Ser du for deg eit landskap når du lukkar augo? Kan du beskrive dette landskapet med eitt eller fleire ord, eventuelt ei setning?
- 2.Er det ein særskilt lyd du assosierer med dette landskapet?

#### Spørjeskjema 2

- 1.Er det ein stad du alltid vender tilbake til, fysisk eller i tanken?
- 2.Kan du beskrive denne staden med eitt eller fleire ord, eventuelt ei setning?

#### Spørjeskjema 3

- 1.Er det ein stad du kunne tenke deg å reise til, som akkurat no kjennest umogleg eller uoppnåeleg?
- 2.Korleis ville det vere for deg om du aldri kunne reise?

## **Partitur til Det å reise, det å bli Oslove I**

Eg står på Akershus festning og ser byen strekke seg frå middelalderparken og vannspeilet opp mot Ekebergåsen på austkanteren. Ved utsiktpunktet der Munch ein gong lét seg trollbinde av solnedgangen kan ein sjå himmelen eksplodere i nyansar av gultograudtgoransj, sjå byen bade i lys, sjå sola gå ned i vest. Lyden av trafikken ligg der som ein vedvarande ambiens.

Det har vakse fram ein ny del av byen som skyggjer for den eldste delen av byen. Natt og dag. Lys og mørke. Punk og kapital. Marmor og skjørt glas. Bjørvika og Barcode, Munch Brygge og nye Munch. Hata og elska. Det gamle og det nye. Middelalder og Framtid. Pest eller kolera.

Gamlebyen. Ein del av meg ligg igjen blant ruinane.

Lukta av syriner i varme sommarkveldar og lyden av ungar som leikar i bakgardane og svartrostene som fyller natta med sin vakre song. Bakgardane som skjermar for støyen i gata. Små oasar. Små friom utan trafikkstøy og reklameskilt.

## **Oslove II**

Festningen består av lag på lag med mur og stein. Syenitt frå Grorud, kalkstein – lag på lag med stein og mur – notida grev opp fortida

fornying  
bevaring  
bearbeiding  
renovering  
rehabilitering.

Rådhuset med klokkespelet, åsen i vest, heisekranar,  
speilblanke bygg som veks inn i skyene.

Denne byen opnar seg for dei som ønskjer å ta den inn.  
Tigerstaden.  
Ein vennleg tiger.  
Ein vennleg by.  
Byen med det store hjarta.

Eg valde å komme hit, å skape eit liv her. Ein verden eg ikkje kjende  
frå før. Lukter eg aldri hadde lukta, mat eg aldri hadde smakt.  
Draumen om pakistansk mango ein tidleg morgon i mai. Dette er også  
Noreg, dette landet som består av nittiåtte prosent fjell, skog og vidde.

Skogen på kvar side av byen.

Mellom skogane ligg eit anna Noreg- eit Noreg eg stadig vender  
tilbake til.

Under korona var det ein periode eg ikkje kunne reise tilbake hit – ein  
ganske lang periode, som no berre kjennest som eit øyeblink, eit lite  
komma i livet.

Men når det stod på, kjendest det nesten som om tida stod stille.  
Hovudet gjekk inn i ein slags dvaletilstand.

Det fekk meg til å tenke på kva det er å reise, og ikkje kunne reise.  
Kva ein saknar og kva som festar seg i minnet frå plassar ein har vore.

### **Oslove III**

Eg var der då rosene låg strødd utafor Domkyrkja. Byen vår. Så absurd. Så heilt uforståeleg meiningslaust. Den delte byen vart endå tydelegare.

Eg var der då dei opna den nye badeplassen på Sørenga. Ti minutt med sykkel så var me der. Oslofjorden open for alle.

Eg var der då bydelen me budde i sakte men sikkert vart gentrifisert, og me var ein del av det. Då Tøyen vart løfta.

Løfta og løfter om ein ny bydel.

Eg var der då dei starta med å opne elva gjennom Klosterenga. Elva som vart lagt i røyr ein gong skal etter ein gong sjå dagslys. Ungane skal vekse opp med lyden av rennande vatn rundt seg. Bård Breivik sin skulpturpark der naboar samlar seg skal strekke seg oppover mot Jordal og nedover mot Grønlandsleiret.

## **Oslove IV**

Lyden av arabisk, somali og urdu.

Språk eg ikkje forstår men som likevel gjer meg glad, og litt melankolsk. Lukta av hårolja som heng i lufta, mobilen som er festa på finurleg vis inni hijabben. Nabodamene som snakka urdu saman heilt til eg kom, då dei elegant gjekk over til norsk. Naboen som skreiv melding og spurte om eg likte pakora, at ho nett hadde laga, og ville sende sonen sin over til meg med litt medan den enno var varm. Ho som tok den nyfødde dottera mi ut av armane mine og la den vesle kroppen inn mot kinnet sitt, som det mest sjølvsagte i verda.

Lyden av fridom

Lyden av sorg

Lyden av smerte

Lyden av latter

Lyden av gata mi.

## Kokt à la mode

*Om kapp med en fortapt svunnen ungdomstid  
drar jeg en ladning gull igjennom skogen.  
Til slutt så tok jeg steget,  
jeg lot kroppen kjenne svevet ut av en lekegrind,  
for sløve sinn.*

Kvífor går denne songen rett i hjarta?  
Er det fordi eg sjølv er mor til ein gut som er på full fart inn  
i ungdommen.  
På veg vekk frå oss og vil vere nær og langt borte på same tid.

Er det fordi Cezinando er Oslo?  
Den sårbare guten blant ulv og tiger. Den kjenslevare guten som sit  
på søplekassen i garden tidleg om våren. Nilsen og Karlsen. Gategut.

Høyrer den igjen og igjen og igjen og igjen

*For jeg har tvinna tomber og fletta kurver,  
skulle skyte hauker og skremme spurver,  
det er ikke like lett å lokke mette ulver,  
hvis du ikke lokker in the latest fashion*

Saknet etter å kjenne at ein lever kan skape eit rom for å være fri frå  
alt jaget. Eit rom for å sanse.

Og i dette.

I dette er kunsten si rolle slik eg ser det.

Å lytte med kroppen, ikkje berre med øyro og augene. Å kjenne at det  
vibrerer. Å kjenne at du lever gjennom lyd, lys, lukt og taktilitet.

Det er hit eg søker meg.  
Inn i musikken.  
Inn i poesien.  
Inn i kunsten.  
Når det stormar som verst.

# VI

## **Refleksjon som poesi og poesi som refleksjon**

2023

***You start thinking about articulating a certain thing, and then you suddenly see it for what it is and the magic goes away a little bit. It's tricky. When you talk about things - unless you're a poet - a big thing becomes smaller.***

(David Lynch)

fingrane i vasskorpa

strekar i vatnet

forsvinn

avtrykket varer ein millisekund

## **Feedback**

når det du sender ut kjem tilbake til deg i ny og endra versjon du ikke  
heilt har kontroll på

## **Trondheim, januar 2023**

Eitt år att av stipendiatperioden. Tida går brått veldig fort.

Les den danske forfattaren Pia Tafdrup sin Poetikk, eller sin skisse til ein poetikk som ho kallar den – over vandet går jeg frå 1991. Ho skriv om det å arbeide med det personlege på ein måte som gjer det universelt og ikkje privat

*Det partielle må ikke kvæle det universelle.*

Ho skriv også noko som eg skal ta med meg i forhold til det å sjå seg sjølv i ein større kontekst, det at alt ein lagar på eitt eller anna vis er ein respons på kunstverk ein har sett, hørt, opplevd og opplever.

*Jeg lever mellom ekkoet fra digtene før og den hvissen og mumlen,  
der allerede nu fornemmes fra kommende digte.*

Saila fortel om første gong ho såg TG Stan. Eg lyser opp innvendig – mitt første møte med TG Stan på Avant Garden på tidleg 2000-tal står tydeleg for meg. Scenen opplyst frå sidene. Den hengslete skodespelaren som gjorde ein versjon av Don Quijote i ei utrert form. Det får meg også til å tenkje på oppsettinga av Woyzeck på Schaubühne i Berlin på studietur med Romerike Fylkehøgskule i 1998. Det er som om det var ein annan person som var på denne turen, eg hugsar nesten ingenting bortsett frå denne framsyninga.

No, mange år seinare ser eg samanhengar i det som berørte og det som berører.

## **Endring, eit bevegelsespartitur**

Hendene leitar sakte etter dei rette tangentane,  
etter linja i melodien, etter frasene

pusten, dei små mellomromma.

I leitinga veks magien fram,  
det skjøre,  
det levde livet,  
det i årevis perfeksjonerte.  
Til fingerspissane.

Anslaget.

Fermaten.

Anslaget.

Dvelinga.

Leitinga.

Sakte.

Saktare.

Saktast.

Opp opp opp. Ned ned ned.

Igjen og igjen.

Same rørsler.

Same kropp.

Same kropp og ikkje same kropp.

Ligge.

Vente.

Puste.

Opp opp opp.

Ned ned ned.

Linjene i rommet følger frasene.

Fermaten.

Blikket opp.

Handa mot veggen.

Puste ut.

Flytte seg. Forflytte seg.

Opp opp opp. Ned ned ned.

## **Jeløya, januar 2023**

Er på seminar 5 av forskarskolen på Jeløya. Trond Lossius er moderator på mi gruppe, og utfordrar meg på kva det som er mellom eigentleg er. Han peikar på dei verdiane eg set fram gjennom mitt prosjekt, som er diamentalt motsett frå dei verdiane som er i samfunnet, og kanskje også i deler av mitt fagfelt, fordi det handlar om å sanse, å vere i kontakt med ein ekstrem sanselighet.

På flyet heim tar eg notat: møtene mellom, tilliten mellom, spenninga mellom, tida mellom, ideane som blir til mellom, samtalane med veiledarane mine og andre kollegaer, møter i mellomromma mellom kontora, at Lise Hovik snakkar om foajeen på Rosendal Teater som eit mellomrom, eg skal gjere noko i mellomrommet, rommet mellom romma, kva som skjer når ein bevegar seg frå eitt rom til det neste, kva som skjer i mellomrommet.

Kunsten å sveve mellom alle stolar var i tittelen på Trond L. sitt stipendiatprosjekt, han seier eg berre må bruke tittelen til noko om eg vil.

Kjøper Marte si nye bok og les den. Heile i eitt. Den er som forrige. Den er livet og kunsten. Den er alt.

*Jeg skriver ikke for å finne meg selv.*

*Jeg skriver for å finne fram i verden.*

Gro Dahle skriv om lyd:

*Enhver tekst bader i lyd. Den er servert i lydsaus. Rytmeapoteter. Rimerter. Selv når du ikke forstår et språk, kan du likevel ha glede av lyden i det.*

*Når vi skriver, er det ikke alltid vi tenker over at vi faktisk arbeider med lyd (...) I et dikt er lyden mer vesentlig.*

## **Hjarte i utakt**

Ho høyrde lyden av det vesle hjarta hans for første gong. 140bpm.  
Det er ganske kjapt.

Han svevde rundt i si eiga mørke verd. Høyrde han stemma hennar  
når ho song for han om kveldane?

### ***når vi begynner å synge, slår alle hjerter i takt***

Høyrde han stemma hennar når ho snakka til han og sa at no må du  
snart komme ut sånn at me får helse på deg?

### ***og vi glemmer alt det dumme som ble sagt***

Pulsen hans veksla mellom 140 og 160bpm og stod i sterk kontrast  
til dei sakte og bølgjande rørslene hans.

Ho er som ei Babushkadokke.

### ***og du føler det bærer når alle stemmer i***

Hans hjarteslag på innsida av hennar hjarteslag  
ein underleg synkopert rytme.

### ***jeg er meg alene og sammen er vi, vi***

## **Stord, februar 2023**

Vinterferie på Stord – fann eit dikt frå 1991 om musikk, om Miles Davis og korleis lyden verkar på meg. Hugsar ikkje at eg skreiv det. Det låg saman med teikna skisser av naust. Eg sender det til Øyvind og Marte – begge seier at dette er viktig, dette er gull, og Marte skriv:

*Dette er ditt hvorfor!*

Ja – det er mitt kvifor.

Alt dreidde seg om lyden og poesien for å vri fokuset over frå det som var vanskeleg.

Alt dreier seg om lyden og poesien for å vri fokuset over frå det som er vanskeleg.

Bror min ringer og seier at pappa er sendt til sjukehus.  
Verda vert nummen.

***And his mama cries.***

Eg tenker på dei rosa platene i det glorete coveret, med biletet av Elvis  
då han var i sitt ess på scenen på International Hotell i Las Vegas.  
Eg tenkjer på pappa som dansar over stovegolv og løftar meg inn i  
himmelen med sterke armar.

***And the world turns.***

Filmen om Elvis kjem. Brått skjønar eg alt. At den mannen som eg alltid tenkte på som hakket for glossy og glorete starta som ein rebell, som ein som faktisk hadde noko anna på hjarta enn ei fløyelsmjuk stemme. Eg ringer pappa og seier at han må sjå filmen.

***You never stood in that man 's shoes or saw things through his eyes.  
Or stood and watched with helpless hands while the heart inside  
you dies.***

***So help your brother along the way, no matter where he starts.  
The same God that made you made him too, these men with broken  
hearts.***

Elvis på The International i 1969. Pappa som lenar seg mot folkevogna, med det svarte håret i sleik bakover, mørke solbriller og foten litt ut til sida.

***And the world turns.***

## **Trondheim, juni 2023**

Er i ein samlefase for haustens prosjekt. *Det å reise, det å bli og Som om eg har vore her før.*

Dei lause trådane finn nye vegar.

Nokre samlar seg, andre forsvinn ut på sida.

Lydvandringa i Oslo er det vanskelegaste eg nokon gong har gjort. Får verkeleg kjent på korleis det er å arbeide med eit verktøy som gjer at enkelte ting er ute av min kontroll. GPS er jo GPS, men når appen fungerer som den skal, er det magisk. Stolar på Thom Johansen som bistår med implementering og testing. Det skal nok gå bra til slutt. Eg vaknar kvar natt av kaldsveitte og kvalme. Fight or flight. Eg velger å gå for det første.

Ser eit intervju med Eliane Radigue om korleis ho arbeider og korleis ho tenkjer lyden i rommet.

Har starta å tenke på Skillingsvise som del av lydvandringa på festningen. Prøver å skape ein kontrast til den poetiske teksten og føtopptaka som bind dei ulike delene saman. Ei skillingsvise spela på mandolin. Det heng saman med lyden av farfar sitt trekkspele.

Fjord  
Å fara

Ferja flyttar folk over fjorden.

Fram og tilbake til odden, til øya, til tangen, til osen.

Fjord  
Ein plass ein ferdast

Eg vaks opp på ei øy i vest – før bruene kom,  
var båt og ferje den einaste måten å komme seg til byen på.  
Båt og ferje var første steget ut i verden.  
Draumen om å komme seg ut og vekk.

Friheten til å kunne reise.

Fjord  
Å fara til den andre breidda

Tar ein danskebåten ut Oslofjorden, kjem ein etterkvart til kontinentet.

Fjorden ligg som ei opning mot verda.

Kanskje ser du Nesoddbåten der ute, som flyttar pendlarane att  
og fram att og fram att og fram mellom Oslo og Odden.

9000 pendlarar, Nesoddebåten flyttar 3,2 millionar menneske i året.

Att og fram.

Att og fram.

Att og fram.

Kanskje ser du øybåtane til dei bilfrie badeøyene. Hovdeøya,  
Gressholmen, Langøyene. Ein deilig sommardag i land på Hovedø.  
Lyden av snekker og måkeskrik. Eit lite stykke Noreg midt i storbyen.

Å fara  
Eg fór  
Eg forflytta meg

Opp på høgda og sjå ut over fjorden  
Få overblikket  
Forlenge siktlinja  
Fjorden er stabil og alltid i endring  
Lukta av fjøra  
Lyden av bølgene som slår oppover svaberga.

Kvar bølge er ny  
Kwart andedrag er nytt  
Kvar pust ein ny start

Lyden av sildrande vatn mot takvindauga.

Lyden av båten som glir stille på fjorden.

Lyden av farfar sitt trekkspel.

Lyden av gata mi.

Lyden av parken.

Lyden av ungane som trippar over golvet.

Lyden av vinden i tretoppene.

musikk er samlande samhald

tilstand og stillstand og evig rørsle

ro

rørsle

ro

rørsle

støyande friom  
samlande abstraksjon

ikkje alltid melodi

ikkje alltid rytme

alltid tilstades

samlar seg kring oss og sirklar inn  
sjølve livet



## **Avstand (etterord)**

Det er ein person eg aldri hadde klart å gjere dette arbeidet utan, og det er Are (Lothe Kolbeinsen), som er både livspartner og kollega. Samtalane med han hadde dekka kvar dag av alle dei siste fire åra om eg skulle skrive om dei. Dei er uvurderlege og ei evig kjelde til inspirasjon. Han er den eg kjenner i verda som lyttar best. Han gjekk med på å flytte til Trondheim med familien for at eg skulle kunne ta doktorgrad.

Og så kom pandemien. Eg trur at pandemien og det at me flytta frå Oslo har vore meir inngripande i prosessen enn eg kunne førestille meg. På bar bakke på alle plan. Men av og til er det kanskje det som trengs for at noko nytt skal oppstå. For min del vart det å opne opp for at teksten og poesien er ein grunnleggande del av det å komponere. Det startar alltid med eit dikt, ei setning eller det å skrive ned eit minne om noko.

Denne poetiske refleksjonen er min måte å prøve å seie noko om den kunstnariske prosessen, i alle sine ulike fasar.

Eg håpar andre kan ha nytte av tankar, dikt og referansar, for å opne opp mot ein annan måte å lytte til verda på.

## **Referansar brukt i teksten i kronologisk rekkefølge**

- s.5 <https://www.verywellmind.com/echoic-memory-7724606>
- s.13 Elvis Presley *In The Ghetto (World Turns Remix)* Feat. Nardo Wick, Elvis (Original motion picture soundtrack), RCA, 2022
- s.14 Jakob Sande, *Marien det bleike barnet*, <https://bokelskere.no/tekst/203484/>
- s.24 Marte Huke, *Du er et levende sted*, Tiden Norsk Forlag 2019
- Hildur Guðnadóttir, *The Joker*, Soundtrack Album, WaterTower Music, 2019 Hildur Guðnadóttir *Chernobyl:Music from the original TV Series*, Deutsche Grammophon/WaterTower Music/Decca 2019
- Klaus Lang – *Der Weg des Prinzen I (Die sieben boten)*, 1996 (<https://db.musicaustria.at/node/130818>)
- Verk produksjoner, bokserie <https://verkproduksjoner.no/verk-book-series-2018-2019/>
- s.26 Maurice Ravel, *Pavane pour une infante défunte*, 1889, innspeling av Kari Jøntvedt (privat innspeling)
- Verk Produksjoner, *Arbeidsbok*, Uten Tittel AS 2019, Anders Mossling, s.72- 77
- s.27 Verk Produksjoner, *Innside/Utside*, Uten Tittel AS 2018, Jon Refsdal Moe, s.5
- s.28 David Lynch, reportasje, Mark Brown, *The Guardian*, 2014 <https://www.theguardian.com/film/2014/dec/12/david-lynch-middlesbrough-painting-exhibition-twin-peaks>
- Dokumentar, Edward Kienholz: *The Story of an Artist* (1961) <https://www.youtube.com/watch?v=d5T9QpC09ms>, Hilde Østbye og Ylva Østbye, *Å dykke etter sjøhestar*, Cappelen Damm 2019
- s.30 Koka Nikoladze, *Koka's Rotary Magnetic Bow*, <https://www.koka.one>, <https://vimeo.com/160780036>
- s.31 Joan Jonas, separatutstilling, Tate Modern, 14.august – 5.mars 201, <https://www.tate.org.uk/whats-on/tate-modern/joan-jonas>
- s.35 Tekstutdrag *And You and I*, Yes, frå albumet *Close to the Edge*, Atlantic Records, 1972
- s.36 Tekstutdrag, King Crimson, frå albumet *In the Court of the Crimson King*, Atlantic Records 1969
- s.43 Siri Jøntvedt *Fifty ways to leave a shape*, 2020 og 2023 <https://sirijontvedt.com/fifty-ways-to-leave-a-shape-2023>
- Morten Qvenild og Frode Grytten, *Landet bortanfor landet* – Område 51, Grappa, 2019
- s.44 *Atlantis Lamento* (Stine Sørli 2019) frå Marianne Baudouin Lie, *Atlantis, Utopia and Ulvedrømmer*, Particular Recordings Collective/Musikkoperatørene, 2020

- s.51 SKOGEN, <https://www.annaogco.no/produksjon/skogen>
- s.54 Jannicke Wiel, *hva er Yoga*, Universitetsforlaget, 2020
- s.55 David Lynch, reportasje, Mark Brown, The Guardian, 2014 <https://www.theguardian.com/film/2014/dec/12/david-lynch-middlesbrough-painting-exhibition-twin-peaks>
- s.56 Wikipedia: <https://no.wikipedia.org/wiki/Sentripetalkraft>
- s.59 John McEwen, *Paula Rego*, JohnLondon, Phaidon Press, 1997  
Yoko Ono, Grapefrukt, gjendikta av Simen Hagerup, Kolon forlag, 2022
- Andrei Tarkovsky, *Sculpting in time -Reflections on the Cinema*, faber and faber, 1988 s.37  
(namnet hans er stava på ulike måtar, her er den som er i mi bok, i teksten den mest vanlege eg har funne når eg har undersøkt).
- Marte Huke, *Los*, Tiden Norsk Forlag, 2023 s.39
- s.61 Pauline Oliveros, Deep Listening, <https://www.deeplistenning.rpi.edu/deep-listening/>
- Klaus Lang, *Drei Goldene Tiger* (2006), Klaus Lang & Klangforum Wien, Kairos, 2008
- Privat epostkommunikasjon med Siri Jønvtedt, 27.oktober 2022
- s.62 Max Frisch, *Questionnaire*, Insel Verlag GmbH, 2017
- s.68 Cezinando, *Kokt à la mode* frå albumet *Samtidig*, Universal Music Group, 2022
- s.70 Chris Rodley, *Lynch on Lynch*, intervju, Farrar, Straus and Giroux, 2005 s.27
- s.73 Pia Tafdrup, *Over vandet går jeg, Skidse til en poetik*, Borgens Forlag, 1994, s10 og s38
- s.74-75 Eit bevegelsespartitur, inspirert av Siri Jøntvedt sitt soloarbeid til Kari Jøntvedt si tolking av *Pavane pour une infante défunte* av Ravel, *Fifty ways to leave a shape*, 2020 & 2023
- s.76 Marte Huke, *Los*, Tiden Norsk Forlag, 2023 s.68
- Gro Dahle om Lyd, *Skrivkurs for skrivelystne*, Kursbok, NKS Fjernundervisning, 1994 s21-22
- s.77 KIGO/ Crescendo barnekor, *Hjerter i takt*, Sara Lydiksen og Kaja Vardøen <https://www.youtube.com/watch?v=VfS1aKFN9s>, har også gitt ut album i 2016 med namn *Hjerter i takt* som eksisterer på digitale plattformar
- s.78 Privat epostkommunikasjon med Marte Huke, 22.februar 2023
- s.79 og 80 Elvis Presley *In The Ghetto (World Turns Remix)* Feat. Nardo Wick, Elvis (Original motion picture soundtrack), RCA, 2022
- s.81 Eliane Radigue, intervju av Ludger Brümmer, ZKM, 2019 <https://www.youtube.com/watch?v=YH4DwKaJktA>

**Takk til**

**Aslak, Eivor og Are**

Mamma, Pappa, Roald og Aasmund.

Veiledarane mine Christian Blom, Marte Huke og Øyvind Brandtsegg.

Takk til Marte Huke for veiledning i prosessen med denne poetiske refleksjonen.

NTNU, Institutt for musikk og kollegaer ved avdeling for musikkteknologi.

Rosendal Teater, TEKS-Trondheim elektroniske kunstsenter,  
og Ultima-Oslo Contemporary Music Festival.

Alle kollegaer, samarbeidspartnerar og medstipendiatar.

Den nasjonale forskarskulen i kunstnarisk utviklingsarbeid.

Og ei stor takk til alle som har inspirert meg i mitt arbeid – denne lista er lang.

**Omgitt av bølger – ein poetisk refleksjon**

**Gyrid Nordal Kaldestad**

Program for kunstnarisk utviklingsarbeid

NTNU 2023

Trykket og co-designet av SMØR Press

— / 30





**Program for kunstnarisk utviklingsarbeid NTNU 2023**